



Ein rask opteljing av namn i gjesteboka gir som resultat at 461 var innom ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet i 2009. Det meiner folk med eit nært tilhøve til hytta må vera eit flott resultat.

Overnatting av skuleklassar har bidratt i høg grad til resultatet og på biletet over er andreklassen fotografert utanfor hytta i samband med ein overnattingstur midt i juni..

Fjelly har ni sengeplassar i den nye og åtte i den gamle delen.

Hytta kom opp i 1917 og 1918 etter ein imponerende dugnadsinnsats og sidan er ho bygd ut og restaurert i fleire omgongar. Og besøkstala viser at ho framleis har ein viktig funksjon og ein stor plass i hjarta til uskedalingane...
(Foto: Thomas F. Eide)